



# VOSS HERAD

|

DOKUMENTNR.

A089259

1

VERSJON

UTGJEVINGSDATO

BESKRIVELSE

UTARBEIDD

KONTROLLERT

GODKJEND



VOSS HERAD

10.FEBRUAR 2020

# HOVUDPLAN VA MYRKDALEN

### 1.1.1 Innhold

2	Innleiring	6
3	Bakgrunn	7
4	Føremål	9
5	Rammevilkår	10
5.1	Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg	10
5.2	Lov om vern mot forureining og om avfall	10
5.3	Lov om vassdrag og grunnvatn	10
5.4	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, Lov om folkehelsearbeid og Lov om vern mot smittsame sjukdommar	10
5.5	Forskrift om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevassforskrifta)	11
5.6	Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap	11
5.7	Forureiningsforskrifta – Del 4 Avløp (§§11-1 – 15B-3)	11
5.8	Forureiningsforskrifta – Del 4A Kommunale vass- og avløpsgebyr (§§16-1 – 16-7)	12
5.9	Forskrift om rammer for vassforvaltninga (Vassforskrifta) <b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>	
5.10	Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn	12
5.11	Kommunedelplan Myrdalen	13
5.12	Kommunale retningslinjer. tilknytingskrav etter PBL kap. 27	13
5.13	Planområde	13
5.14	Føresetnader for kommunal overtaking	13
6	Vassforsyning	15
6.1	Mål for drikkevatnet	15
6.2	Eksisterande vassverk, utfordringar	15
6.3	Tiltaksplan	15
6.4	Økonomi og gebyrutvikling	33
7	Avløpsanlegg	34
7.1	Mål for avløpshandtering	34
7.2	Eksisterande anlegg, utfordringar	34
7.3	Resipienttilhøve	35
7.4	Påslepp	36

7.5	Handtering av avløpsslam	36
7.6	Tiltaksplan	36
7.7	Saneringsplan	39
7.8	Overvatn, klimatilpassing	39
7.9	Økonomi og gebyrutvikling	46
8	Eigartilhøve	47
8.1	Avløpsanlegg	47
8.2	Vassforsyning	47
9	Generelt om rammevilkår for finansiering	49
10	Oversikt over vedlegg	50
10.1	Teikningsvedlegg	50
10.2	Andre vedlegg	50
10.3	Rapportar, kjelder og nettstadar	50

## Samandrag

Bakgrunn for arbeidet med Hovudplan VA for Myrdalen er kommunedelplan for Myrdalen, godkjend i februar 2010. Utviklinga denne planen opnar for, totalt ca. 15000 gjestesenger i Myrdalen, krev større kapasitet på vassforsyning enn kjelda for dagens vassverk kan stetta.

Vidare har fylkesmannen stilt krav om etablering av eit nytt sentralt avløpsreinseanlegg for dalen som erstatning for dagens 3 private og 2 kommunale reinseanlegg.

Det har under planarbeidet vorte vurdert fleire alternativ for ny vasskjelde. Ein har konkludert med at vassforsyning frå grunnvassbrønnar på Skjervheimsøyna er det rette valet.

Plassering av reinseanlegg er gjort i samråd med fylkesmannen si miljøvernavdeling. Det er teke omsyn til at ein ynskjer å redusere energibruk for pumping av avløpsvatn så langt som råd, samstundes som ein får ei god samordning av leidningsanlegg for vassforsyning og avløp. Ein rår til plassering av nytt avløpsreinseanlegg nedstraums grunnvassbrønnane på Skjervheimsøyna. Reinseanlegget får utsleppsleidning til Myrdalsvatnet, som er vurdert som eigna som recipient.

Bygging og drift av nytt avløpsreinseanlegg med tilhøyrande hovudleidningsanlegg er vurdert å vera ei kommunal oppgåve.

Likeeins vil det då vera naturleg at Voss herad byggjer nytt vassberhandlingsanlegg samt hovudleidningar i Myrdalen. Ein rår og til at kommunen på eit tidspunkt overtek ansvar for vassforsyning, med tilhøyrande hovudanlegg, frå Myrdalen Vassverk. Dette bygger på ei totalvurdering av storleik og kompleksitet på anlegg som må byggast for å stetta utviklinga som kommunedelplan for Myrdalen opnar for..

Med omsyn til eksisterande anlegg, både for vassforsyning og avløp, rår ein til at heradet overtek og driftar eksisterande hovudanlegg som kommunalt anlegg. Det må arbeidast vidare med grensesnitt mellom kommunale anlegg, private fellesanlegg og private anlegg for å sikra klare eigar- og ansvarstilhøve for alle anlegg. Før ei ev overtaking må leidnings-/anleggseigar føreta ei registrering og kartlegging av anlegga i samsvar med Va norm pkt. 3.9.

Nye hovudanlegg (leidningsgrøfter, kummar, pumpstasjonar og basseng) for vassforsyning og avløp i utbyggingsområde for fritidsbustader skal byggast av utbyggjar og vere tilrettelagt for kommunal overtaking. Ein legg til grunn at det kan inngåast utbyggingsavtalar for slike anlegg.

## 2 Innleiing

Hovudplanen er eit arbeidsdokument som skal gje Voss herad, Myrdalen Vassverk og Myrdalen Fjellandsby grunnlag for avgjerder som gjeld vassforsyning og avløp innanfor planområdet.

Konkret arbeid med å planlegge ny vassforsyning og avløpsreinsing i Myrdalen har pågått på ulike nivå i fleire år. Kommunedelplan for Myrdalen, godkjent i februar 2010, opna for utbygging av ca. 15000 gjestesenger i Myrdalen. Ei slik utbygging vil krevja betydeleg utviding av kapasitet for vassforsyning og avløpsreinsing.

Alt med dagens belastning har Myrdalen Vassverk, med Idlagjelsgroi som vasskjelde, og Myrdalen Reinseanlegg, som er det klart største reinseanlegget i Myrdalen, til dels betydelege utfordringar med kapasitet og kvalitet i periodar med høg belastning. Utbygging av høgdebasseng medfører at ein kan takla forbrukstoppar i nokre år til.

Sidan 2014 har arbeidet vore utført av "Hovudplan VA for Myrdalen" som er eit samarbeid mellom Voss kommune og Myrdalen Fjellandsby, som er den største aktøren av utbyggjarane i Myrdalen.

Hovudplan VA for Myrdalen er organisert slik:

- 1 Ei styringsgruppe samansett av representantar frå Voss kommune, Myrdalen Fjellandsby, Myrdalen Vassverk, grunneigarar, hytteeigarlaget i Myrdalen Fjellandsby, Paul Kyte som utbyggar i Myrdalen Vest og Myrdalen Grendalag
- 2 Ei arbeidsgruppe samansett av Nils Akselberg frå Myrdalen Fjellandsby, Jakob Håheim frå Voss kommune og Knut Hellesnes frå Cowi AS
- 3 Cowi AS er engasjert som VA fagleg rådgjevar for arbeidet. Advokat Guttorm Jakobsen er engasjert som juridisk rådgjevar

I siste fase av arbeidet har det vore arbeidd parallelt med hovudplan og reguleringsplan som skal sikra areal for nytt grunnvassanlegg og nytt avløpsreinseanlegg.

Forslagstillar er Hovudplan VA for Myrdalen v/Nils Akselberg  
Fagkyndig plankonsulent: COWI AS

### 3 Bakgrunn

Bakgrunn for arbeidet med Hovudplan VA for Myrkdalen er kommunedelplan for Myrkdalen godkjend i februar 2010. Utviklinga denne planen opnar for, totalt ca. 15000 gjestesenger i Myrkdalen, krev større kapasitet på vassforsyning enn kjelda for dagens vassverk kan stetta. Utbygging av høgdebasseng medfører at ein kan takla forbrukstoppar i nokre år til. Vidare har fylkesmannen stilt krav om etablering av eit nytt sentralt avløpsreinseanlegg for dalen som erstatning for dagens 3 private og 2 kommunale reinseanlegg.

Alt med dagens belastning har Myrkdalen Vassverk, med Idlagjelsgroi som vasskjelde, og Myrkdalen Reinseanlegg, som er det klart største reinseanlegget i Myrkdalen, til dels betydelege utfordringar med kapasitet og kvalitet i periodar med høg belastning og spesielle vertihøve (frost, turke og ekstremver). Utviding av vassverket sin kapasitet krev etablering av ny vasskjelde då kapasiteten til Idlagjelsgroi i praksis er fullt utnytta. Utviding av kapasitet til Myrkdalen Reinseanlegg krev bygging av nytt reinseanlegg. Bygging av enno eit infiltrasjonsbasseng medfører at ein kan takla forbrukstoppar i nokre år til. Arbeidet med å planlegga ny løysing for vassforsyning og avløpsreinsing i Myrkdalen har pågått sidan 2013, dei siste åra som arbeid med hovudplan for vassforsyning og avløp i Myrkdalen. Det er i hovudplanarbeidet lagt til grunn at anlegg for vassforsyning og avløpsreinsing skal dimensjonerast for høgaste belastning inntil 17500 personar.

For vassforsyning er det gjennomført undersøkingar fleire stader for å identifisere område som kunne eigna seg for uttak av grunnvatn. Det og gjort undersøkingar lenger oppe i dalen og i vestlige del av deltaområdet Skjervheimsøyna. Konklusjon har vore at kapasitet er for liten bortsett frå i området som ein no har valt på Skjervheimsøyna.

Det har og vore gjort ei omfattande alternativvurdering av grunnvatn frå aktuelt område på Skjervheimsøyna mot vassforsyning frå overflatevatn i Svortetjørn. (Rapport vedlagt). Konklusjon i styringsgruppa for Hovudplan VA for Myrkdalen var at Svortetjørn er ueigna som vasskjelde med omsyn på kapasitet, kvalitet og framtidig drift av anlegget.


Plassering av avløpsreinseanlegget er gjort i samråd med Fylkesmannen si miljøvernnavdeling. Det er lagt vekt på å få ei energieffektiv løysing med minst mogleg behov for pumping av avløpsvatn. Plassering er og samordna med plassering av grunnvassanlegg og vassbehandlingsanlegg, slik at ein kan få ei effektiv driftseining og tilrettelegging for felles leidningstrasear for vassforsyning og avløp.

For ny hovudtrase VA mellom bygdasentrum og Myrkdalen Fjellandsby er det vurdert 3 ulike alternativ.

- > Alternativ 1, vest for RV13
- > Alternativ 2, aust for RV13
- > Alternativ 3, i fortau og gangveg langs RV13

Hovudtrase frå Bygdasenteret til FjellandsbyenTraseføring for dei 3 alternativa er vist i teikning under.

Ut frå svært negative tilbakemeldingar frå grunneigarar på alternativa 1 og 2 og kommunen sitt ynskje/krav om at hovedleidningsanlegg skal liggja ved heilårsopen veg, er alternativ 3 det tilrådde alternativet.



Kartutsnitt over viser dei 3 alternativa som er vurdert for hovudtrase VA mellom bygdasentrums og Myrkdalen Fjellandsby.

## 4 Føremål

Planen skal vera eit overordna styringsdokumentet for arbeidet innan VA-sektoren innanfor planområdet. Planen skal gje grunnlag for prioritering når det gjeld investering og drift av anlegg for vassforsyning og avløp og gje ei oversikt over utbyggingskostnader.

Planen er utforma som eit arbeidsdokument slik at tekstdelen skal ha lang varigheit, medan tiltakslista må kunne fornyast ved behov.

## 5 Rammevilkår

### 5.1 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg

Lova vart kunngjort av Klima- og miljødepartementet 16. mars 2012 og trådde i kraft 1. juli same år. Lova erstattar lov om kommunale vass- og kloakkavgifter frå 1974. Lova slår fast som eit hovudprinsipp at nye vass- og avløpsanlegg skal vera eigd og drifta av kommunar. Lova gjeld ikkje for mindre VA-anlegg.

Eksisterande private vass- og avløpsanlegg kan berre seljast eller på annan måte overdragast til kommunar. Vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private anlegg kan berre skje med løyve frå kommunen etter § 2. Dette kan skje om det private anlegget ligg så langt frå det kommunale VA-anlegget at det ikkje kan krevjast tilknyting til kommunalt anlegg med heimel i PBL §27-1 og 27-2, eller at kostnadane ved tilknyting vil vera uhøveleg store, eller at andre særleg omsyn talar for det. Lova gjev vidare grunnlag for kommunale vass- og avløpsgebyr og hovudreglar for fastsetjing av desse.

### 5.2 Lov om vern mot forureining og om avfall

Forureiningslova trådde i kraft 1. oktober 1983. Lova har mellom anna som formål å verne det ytre miljøet mot forureining og å redusera eksisterande forureining. I kapittel 4 er det særlege reglar om avløpsanlegg, sjå §§ 21-26.

### 5.3 Lov om vassdrag og grunnvatn

Vassressurslova er utarbeida av Olje- og energidepartementet og trådde i kraft 1. januar 2001. Lova har som formål å sikra ei samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn.

### 5.4 Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, Lov om folkehelsearbeid og Lov om vern mot smittsame sjukdommar

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (helse- og omsorgstenestelova) er frå 2011 og har fleire formål. Eit av dei viktigaste formåla vil vera å førebyggja sjukdom. Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) er også frå 2011 og har mellom anna som formål å fremja folkehelse og å jamna ut sosiale helseskilnader. I kapittel 2 er kommunen (ved kommunestyre) gjeve ansvar for folkehelserabedet i kommunen. I kapittel 3 om miljøretta helsevern er kommunen sine oppgåver definert i §9: "Kommunen skal føre tilsyn med de faktorer og forhold i miljøet som til enhver tid direkte eller indirekte kan ha innvirkning på helsen, jf. §8." I §8 er mellom anna vatn, vassforsyning og førebygging av ulukker og skadar nemnd. Folkehelselova kan i tillegg vera gjeldande for førebygging av ulukker og skadar med bakgrunn i flaumvassmengder. Dei 2 lovane erstattar tidlegare Kommunehelselov frå 1982. Lov om vern mot smittsame sjukdommar (smittevernlova) er frå 1994 og har som formål å verne befolkninga mot smittsame sjukdommar ved å førebyggja dei og

motverka at dei vert overført til menneska, samt å motverka at smittsame sjukdommar vert ført inn i Noreg eller vert ført ut av Noreg til andre land. Det nemnde lovverket omfattar først og fremst situasjonar der det er mogeleg at det kan oppstå konflikt mellom utslepp av avløpsvatn nær drikkevasskjelder, badeplassar eller tilsvarande der folk kan verta eksponert for eventuell smitte frå sanitært avløpsvatn.

## 5.5 Forskrift om vassforsyning og drikkevatn (Drikkevassforskrifta)

EU sitt rammedirektiv for vatn vart gjort gjeldande for medlemslanda den 22. desember 2000 og skal gje rammene for forvaltning av vatn. I Noreg vart vassforskrifta vedteken 15. desember 2006, og vart gjort gjeldande frå 1. januar 2007.

Hovudformålet med vassdirektivet er å verna og få bærekraftig bruk av vassmiljøet, og om naudsnyt setja i verk førebyggjande eller betrande miljøtiltak for å sikra miljøtilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn. Forskrifta legg opp til at det skal setjast miljømål for dei ulike vassførekomstane og at ein skal nå miljømåla for desse innan utgangen av år 2021 .

## 5.6 Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap

Forskrifta gjeld for verksemder som har plikt til å utarbeida beredskapsplan etter lov om helsemessig og sosial beredskap. Vassverk er mellom verksemdene som vert omfatta av omgrepet verksemde.

Risiko- og sårbarheitsanalyse skal gje oversikt over hendingar som kan føra til ekstraordinære belastningar for verksemda. Avdekka risiko skal deretter reduserast gjennom førebyggjande og skadeavgrensande tiltak. For kommunale vassverk er det kommunestyret som skal syta for fastsetjing og oppdatering av beredskapsplan. For private vassverk er det ansvarleg leiar som har slikt ansvar.

## 5.7 Forureiningsforskrifta – Del 4 Avløp (§§11-1 – 15B-3)

*Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)* vart kunngjort 24. juni 2004 av Miljøverndepartementet, no Klima- og miljødepartementet. I denne forskriften inngår mellom anna eigen del om avløp, *Del 4. Avløp (§§11-1 – 15B-3)*. Formålet med delen er å beskytta miljøet mot uheldige verknadar frå utslepp av avløpsvatn.

Krav til utslepp av avløpsvatn skjer med utgangspunkt i kva tilhøve som er i resipienten som utsleppet skjer til, og kor mange personekvivalentar som er knytt til utsleppet. Personekvivalentar (pe) er eit einingsmål for forureiningsmengde, og definisjonen er gjeve i §11 i forskriften.

Forskrifta har i ulike kapittel sett krav til utsleppet, og fordelt ansvar som forureiningsmynde avhengig av storleik på utsleppet:

- Kapittel 12 – Krav til utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhús, hytter og likande. Kapittelet gjeld for utslepp mindre enn 50 pe. Det er kommunen som

er forureiningsmynde og skal føra tilsyn med at avgjersler og vedtak som er fatta i medhald av kapittelet vert følgt.

- Kapittel 13 – Krav til utslepp av kommunalt avløpsvatn fra mindre tettbygde område. Kapittelet gjeld for utslepp fra tettbygde område med samla utslepp mindre enn 2.000 pe til ferskvatn eller elvemunning eller mindre enn 10.000 pe til sjø. Det er kommunen som er forureiningsmynde og skal føra tilsyn med at avgjersler og vedtak som er fatta i medhald av kapittelet vert følgt.
- Kapittel 14 – Krav til utslepp av kommunalt avløpsvatn fra større tettbygde område. Kapittelet gjeld for utslepp fra tettbygde område med samla utslepp større eller lik 2.000 pe til ferskvatn eller elvemunning eller større enn 10.000 pe til sjø. Det er fylkesmannen som er forureiningsmynde og skal føra tilsyn med at avgjersler og vedtak som er fatta i medhald av kapittelet vert følgt.

Dei ulike kapitla (12-14) set mellom anna konkrete krav til løyve, avløpsnett, utslepp, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, lukt, analyse, vurdering av analyseresultat, varsling ved overskridning av reinsekraav og rapportering. Generelt kan det seiast at krava i forskrifta vert strengare og meir omfattande dess større forureiningsbelastninga er frå eit tettbygd område.

## 5.8 Forureiningsforskrifta – Del 4A Kommunale vass- og avløpsgebyr (§§16-1 – 16-7)

Kapittel 16 i forskrifta gjev rammene for korleis kommunale avgifter for vass- og avløpsgebyr skal reknast. Gebyra skal ikkje overstiga kommunen sine naudsynte kostnadar på vatn- og avløpssektoren. Gebyra skal berre nyttast til å produsera vass- av avløpstjenester og kan ikkje nyttast til andre formål.

Kommunen skal i forskrift fastsetja reglar for berekning og innkrevjing av gebyr for vatn og avløp, samt storleik på gebyra i tråd med rammene i forskrifta. Det er i forskrifta mellom anna reglar for:

- plikt til å betala eit eingongsgebyr for tilknyting
- moglegheit til å berekna årsgebyr på grunnlag av vassforbruk eller todelt ordning med fast og variabel del
- moglegheit for å nyttre ulike gebrysatsar om nærmere nemnde tilhøve er gjeldande

## 5.9 Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn

Dei 5 avløpsreinseanlegga innanfor planområdet har i dag eigne utsleppsløyve. For Myrkdalens Renseanlegg er fylkesmannen utsleppsmynget. For Hirtelid-, Mørkve-, Myrkdalens Vest- og Tveite reinseanlegg er kommunen utsleppsmynne.

For nytt kommunalt Myrkalen Reinseanlegg vil fylkesmannen vera utsleppsmynne.

## 5.10 Kommunedelplan Myrkdalen

Planen set rammer for vidare utvikling av Myrkdalen som reisemål. Dimensjonering av anlegg for vassforsyning og avløpshandsaming skal stetta behov kommunedelplanen definerer.

## 5.11 Kommunale retningsliner. Tilknytingskrav etter PBL kap. 27

Kommunen har ikkje eigne retningsliner for tilknytingskrav, men held seg til lovtekst.

*"Når offentlig vannledning/avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen knyttes til vannledningen. Vil dette etter kommunens skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad, eller særlige hensyn tilslør det, kan kommunen godkjenne en annen ordning."*

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Voss herad vart vedteken i Voss heradstyre 23.1.2020.

## 5.12 Planområde

Planavgrensing er i hovudsak valt slik at planområdet dekkjer utbyggingsområda i Kommunedelplan for Myrkdalen av 2010. I sør-aust følgjer plangrensa Myrkalselva, men område N6, på austsida av elva, er teke med då campingplassen er knytt til Mørkve reinseanlegg og har vassforsyning frå Myrkdalen Vassverk. Mot nord og vest er plangrensa tilpassa planlagde alpinområde.

## 5.13 Føresetnader for kommunal overtaking

Delar av nye anlegg skal byggast som kommunale anlegg. For nye hovudanlegg som skal byggast med utbyggingsavtale for kommunal overtaking, og for eksisterande hovudanlegg som skal overtakast av kommunen, stiller kommunen krav som skissert punktvis under

- > Reguleringsplan for Skjervheimsøyri skal utarbeidast for å sikre trase til VA-leidningar og vegtilkomstar.
- > Reguleringsplan for VA-anlegg i fortau/gangveg langs RV13 skal utarbeidast for å sikre trase til VA-leidningar
- > For eksisterande VA-anlegg må noverande eigar syta for at rett til å ha leidningane liggjande, vert tinglyst
- > Utbyggjar skal leggja fram tinglyst avtale som sikrar kommunen ein varig rett til drift og vedlikehald av anlegg og konstruksjonar over tredjepart sin eigedom

- Kommunen overtek normalt ikkje ansvar eller plikter som eigar av eksisterande VA-anlegg måtte ha ovanfor tredjepart. Eigar av eksisterande VA-anlegg skal syta for at dette vert skriftleg dokumentert
- Kommunale krav til VA-anlegg, VA-norm, gjeld generelt for nye og eksisterande anlegg
- Anleggseigar for eksisterande avløpsreinseanlegg må ta kostnaden med sanering av reinseanlegget
- Overtaking av eksisterande anlegg skal normalt sett vera vederlagsfri og utan kostnader for kommunen
- Overtaking av eksisterande anlegg skal vera i samsvar med Norsk Vann rapport 187 og VA-norm pkt. 3.9
- Overtaking av eksisterande anlegg skjer når ny, kommunal leidning vert tilkopla forbruksområdet

## 6 Vassforsyning

### 6.1 Mål for drikkevassforsyning

- 1. Nok vatn til alle**
- 2. Godt vatn til alle**
- 3. Trygg vassforsyning**
- 4. Tilfredsstillande forsyning innanfor økonomisk forsvarlege rammer.**
- 5. Rett kjeldeval**

### 6.2 Eksisterande vassverk, utfordringar

- Helgatun. Privat vassverk som forsyner Helgatun. Det er godkjent reguleringsplan for Helgatun Fjellpensjonat som opnar for bygging av 74 nye fritidsbustader i Helgatunlia. I tillegg opnar planen for betydeleg på-, til- og ombygg av eksisterande bygg. Utbygger vurderer utviding av eksisterende privat vassverk som alternativ til tilknyting til Myrdalen Vassverk. Kapasitet og vasskvalitet kan vera ei utfordring.
- Myrdalen Vassverk. Vassverket leverer overflatevatn frå Idlagjelsgrovi som er behandla me bioozonfiltermetoden i vassbehandlingsanlegg på Hirth. Vassverket leverer vatn av god kvalitet, men balanserer på kanten av kapasitet med dagens vassforbruk. Det er ikkje mogleg å ta ut vesentleg meir vatn frå kjelda. Utbygging av høgdebasseng medfører at ein kan takla forbrukstoppar i nokre år til.
- Private brønnar. Tal og kvalitet på private brønnar innanfor planområdet ukjent.

### 6.3 Tiltaksplan

Nytt vassverk skal dimensjonerast for å kunna forsyne alle eigedommar innanfor kommunedelplan Myrdalen (inklusiv private brønnar og Helgatun Vassverk), men det er ikkje krav om tilknyting.

Det skal etablerast nytt grunnvassbasert vassverk på Skjervheimsøyane. Det skal byggast nytt vassbehandlingsanlegg over flaumsikkert nivå nær brønnane.

For vassforsyning er det gjennomført undersøkingar fleire stader for å identifisera område som kunne eigna seg for uttak av grunnvatn. Det og gjort undersøkingar lenger oppe i dalen og i vestlige del av deltaområdet Skjervheimsøyana. Konklusjon vart at kapasiteten er for liten bortsett frå i området som ein no har valt på Skjervheimsøyana.

Det har og vore gjort ei omfattande alternativvurdering av grunnvatn frå aktuelt område på Skjervheimsøyana opp i mot vassforsyning frå overflatevatn i Svortetjørn. Konklusjon i styringsgruppa for Hovudplan VA for Myrdalen var at Svortetjørn er ueigna som vasskjelde med omsyn på kapasitet, kvalitet og framtidig drift av anlegget. Rapport om val av vasskjelde fylgjer hovudplanen som vedlegg.

Ut frå analyseresultat frå prøvepumping legg ein til grunn at vassbehandling kan avgrensast til UV-behandling. Prøveresultata har ein ph som stettar krav til drikkevatn. Ein rår likevel til at vassbehandlingsanlegget skal tilretteleggast med naudsynt areal for ettermontering av alkalisering med vannglasdosering. Med omsyn til alternative metodar for desinfisering er det, ut frå kvaliteten på grunnvatnet, vurdert at alternative metodar ikkje er aktuelle.

Anlegget skal planleggast for trinnvis utbyggjing, i takt med auke i tal på abonnentar etter kvart som nye område for fritidsbustadar blir bygd ut. Tabellar i etterfylgjande avsnitt 6.3.1 viser maksimum utbyggjing etter kommunedelplan for Myrdalen og periodisert utbyggjing med tal som utbyggjar meiner er realistiske. Utbyggjing av basseng og pumpestasjonar fylgjer den trinnvise utbyggjinga av hyttefelt og sentrumsområde.

Nesheim vassverk ligg utanfor plangrensa, men det kan eventuelt enkelt koplast til nytt vassverk med sjøleidning i Myrdalsvatnet.

Som det går fram av hovudplanen, vil det gå fleire år før ein kan forsyna heile området frå eit nytt grunnvassanlegg på Skjervheimsøyna. Utbygging av høgdebasseng gjer at ein kan takla forbrukstoppar ennå eit par år.

### 6.3.1 Dimensjonering

Det er i planarbeidet lagt til grunn at vassverket skal dimensjonerast for inntil 17.500 personar. Dette byggjer på utvikling av Myrdalen som turistdestinasjon tilsvarannde det omfang som kommunedelplan for Myrdalen opnar for.

Felt komunedelplan	Namn	Einingar maks.	Næringsareal m <sup>2</sup>	Merknad
F2	Myrdalen Fjellandsby	356		Fyrste byggesteg
S1	Myrdalen Fjellandsby	2 000	20 000	Utbygging pågår
N3	Helgatun	101	6 500	Helgatunlia godkjent plan
N4	Vetlebotnen		600	Varmestove, servering
N5	Bystøl Camoing	22		Eks, campingvogner
F3	Hyrtamyrane	200		Framtidig
F4	Mørkve	40		Framtidig
F5	Mørkveslia	395		Plan byggesteg 1 godkjent
S2	Mørkveslia	150	6 000	Framtidig
S3	Myrdalen Bygdasenter	100	3 400	Utbygging pågår. Planar utv?
N6	Myrdalen Camping	74	270	Eks, campingvogner og hytter
N8	Skjervheimshaugen		600	Framtidig
F6	Skjervheim	255		Framtidig
F7	Tveite	37		Eks
S4	Skjervheim	250	2 000	Framtidig
B1	Hirtelid	4		Nye bustadhus
B2	Mørkve	8		Nye bustadhus
B3	Mørkve øvre	10		Nye bustadhus
	Bustader/gardsbruk	100		Eksisterande
<b>Sum</b>		<b>4 102</b>	<b>39 370</b>	

Tabell, einingar og næringsareal, maks. utbygging, frå kommunedelplan

4.100 einingar tilsvrar ca. 15.000 personar når ein legg til grunn 3,6 – 3,7 personar pr. eining i periodar med høg utnytting. Kommunedelplanen legg elles til grunn inntil 15.000 gjestesenger i Myrdalen. I 15.000 senger inngår og overnattingsverksemder i næringsareal som i tabell over berre er angitt som areal.

Registreringar av påslepp til Myrdalen Reinseanlegg syner variasjonar i utnyttingsgrad på hyttene. Dei 5 siste åra er tal på personar per eining i døger med størst påslepp rekna til 4,3 personar i 2014 (ca. 410 einingar), 3,7 personar i 2015 (ca. 450 einingar), 3,9 personar i 2016 (ca. 485 einingar), 3,9 personar i 2017 (ca. 535 einingar) og 2,5 personar i 2018 (ca. 730 einingar). Markant reduksjon frå 2017 til 2018 skuldast at mange mindre fritidsbustadar vart tekne i bruk i perioden, samtidig som samla påslepp til reinseanlegget vart redusert frå 2017 til 2018 (dårleg vær i viktige periodar).

Erfaring frå Myrdalen Fjellandsby tilseier at utnyttingsgraden for fritidsbustader på 3,6 – 3,7 personar i veker med høg belastning, er eit realistisk anslag. Det er normalt 3 slike veker i året; jole- og nyårshelga, vinterferien i Bergen og påsken.

Det skal leggast til grunn at vassforsyninga skal dimensjonerast for største døgnforbruk i maks veke.

I dimensjoneringsgrunnlag, inntil 17.500 personar i maks. døgn, inngår fritidsbustader/gjestesenger, fastbuande og gardsbruk, daggjester i skianlegg, tilsette i turistnæringa, forbruk i næringsverksemd samt ein reserve.

Felt komune-delplan	Namn	Einingar	Næringsareal m <sup>2</sup>	2 019	2019-22	2023-26	2027-30	2030-40	Etter 2040
F2	Myrdalen Fjellandsby	355		304					51
S1	Myrdalen Fjellandsby	2 000	20 000	460	214	251	166	238	671
N3	Helgatun	101	6 500	27		74			
N4	Vettebotnen		600						
N5	Bystøl Camoing	22		22					
F3	Hyrtamyrane	200				98	102		
F4	Mørkve	40						40	
F5	Mørkveslia	395			59	98	118	60	60
S2	Mørkveslia	150	6 000			30	120		
S3	Myrdalen Bygdasente	100	3 400	60	24	16			
N6	Myrdalen Camping	74	270	74					
N8	Skjervheimshaugen		600						
F6	Skjervheim	255					25	225	5
F7	Tveite	37		37					
S4	Skjervheim	250	2 000					250	
B1	Hirtelid	4				2	2		
B2	Mørkve	8				4	4		
B3	Mørkve øvre	10			2	4	4		
	Bustader/gardsbruk	100		100					
<b>Sum</b>		<b>4 101</b>	<b>39 370</b>	<b>1 084</b>	<b>299</b>	<b>577</b>	<b>541</b>	<b>813</b>	<b>787</b>

Tabell, einingar og næringsareal frå kommunedelplan, periodisert realistisk utbygging

Tabellen over syner anslag på utbyggjingstakt og utnyttingsgrad frå Myrdalen Fjellandsby, som er den dominerande utbyggjaren i Myrdalen.

Vi viser elles til:

- > Drikkevassforskrifta §9. Leveringssikkerhet, første avsnitt: "Vannverkseieren skal sikre at vannforsyningssystemet er utstyrt og dimensjonert samt har driftsplanner og beredskapsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder drikkevann til enhver tid"

- Mattilsynet, rettleiing til drikkevassforskrifta: *I høve til §9 over vidarefører mattilsynet EU sitt drikkevassdirektiv sin definisjon av tilstrekkeleg mengde; 200 liter per person og døgn*

### 6.3.2 Vasskjelde

Vassverket skal ha forsyning frå tre grunnvassbrønnar som tek ut vatn frå ein kjent grunnvassførekommst. Det er etablert prøvebrønnar og gjennomført prøvepumping og kartlegging av reservoaret.

### 6.3.3 Reservevatn

Eksisterande vassverk på Hirth kan behaldast som reservevassforsyning i ein periode. På sikt ser ein det som uaktuelt å oppretthalda dette ut frå kapasitet, kostnad og at bruk av nedslagsfeltet vil auka i samband med utbyggjing av områda i Mørkveslia. Området er pr. i dag nytta som beiteområde for sau og kyr.

På sikt må det etablerast ny reservevassforsyning med tilstrekkeleg kapasitet. Samarbeid med Myrdalen Fjellheisar om felles bruk av etablert inntak i Myrdalselva ved Åmot, er vurdert. Dette inntaket er bygd for fjellheisane sitt snøproduksjonsanlegg, men kan enkelt tilpassast bruk som reservevassforsyning. Det skal arbeidast vidare med dette alternativet. Det kan vera kapasitetsproblem for dette inntaket ved ekstremt låg vassføring i elva.

### 6.3.4 Leidningsanlegg

Myrdalen Vassverk vart etablert i 1980. Leidningsanlegg bygd i perioden fram til etablering av Myrdalen fjellandsby i 2000, stettar ikkje dagens krav til leidningsanlegg med omsyn på omfyllingsmassar og avstengingsmogleheter. Restlevetid for desse anlegga er svært usikker. Vi legg til grunn at det skal byggast ny hovudvassleidning i felles trase med ny hovudavløpsleidning på strekkja Tveite – bygdasentrum – Myrdalen fjellandsby.

Nyare anlegg bygd for Myrdalen fjellandsby og Myrdalen Vest er bygd i samsvar med, eller nær opp til, VA norm for Voss kommune. Vi legg til grunn restlevetid for desse anlegga over 80 år.

Nye leidningsanlegg i utbyggingsområda skal byggast i samsvar med kommunen si VA-norm for eventuell kommunal overtaking av hovudanlegg. Eventuell utbyggingsavtale skal inngåast for kvart prosjekt.

Fornying av delar av Myrdalen Vassverk sitt anlegg skal vurderast løpande på grunnlag av lekkasjar og eventuelle driftsproblem. Fornying og omlegging skal alltid vurderast ved planlegging av feltutbygging nær eksisterande eldre anlegg.

### 6.3.5 Anslag, periodisert utbyggingskostnad

Tabellar under viser utbyggingskostnad for vassforsyning totalt, forslag til splitting/kostnadsfordeling og periodisert etter antatt utbyggingstakt.

<b>Vassforsyning</b>						
Pos	Anleggsdel	Eining	Mengde	Pris	Totalkostnad	Merknad
5	Ny vassforsyning fra grunnvatn					
5.1	Grunnvassanlegg	RS	1	3 200 000	3 200 000	Alt "innanfor gjerdet" i eitt byggsteg
5.2	Vassbehandlingsanlegg	RS	1	11 000 000	11 000 000	UV og alkalisering. OBS bygg. Event trinnvis UV??
5.3	Leidningsanlegg brønnar-VBA	m	250	5 000	1 250 000	
5.4	Leidningsanlegg VBA-Tveitoevegen	m	110	4 000	440 000	
5.5	Tilkomstveg	m	250	3 000	750 000	
5.6	Styring/kontroll	RS	1	750 000	750 000	Vassverket sitt system
<b>Sum ny vassforsyning</b>					<b>17 390 000</b>	
6	Vasspumpestasjonar					
6.1	Hovudpumpestasjonar	stk	3	1 600 000	4 800 000	VPS3, VPS4 og VPS8
6.2	Sekundærstasjonar	stk	5	1 600 000	8 000 000	VPS5, VPS6, VPS7, VPS9 og VPS10
<b>Sum vasspumpestasjonar</b>					<b>12 800 000</b>	
7	Høgdebasseng					
7.1	HB4	RS	1	6 000 000	6 000 000	Fjellandsbyen S1
7.2	HB5	RS	1	3 000 000	3 000 000	F5
7.3	HB6	RS	1	4 000 000	4 000 000	F3
7.4	HB7	RS	1	5 000 000	5 000 000	F5
7.5	HB8	RS	1	4 000 000	4 000 000	F6
7.6	HB9	RS	1	4 000 000	4 000 000	F6
<b>Sum høgdebasseng</b>					<b>26 000 000</b>	
8	<b>Leidningsanlegg vassforsyning</b>					
8.1	Hovudleidning Vossestr. hotel - "bedehussvingen"	m	2 600	3 750	9 750 000	
8.2	Hovudleidning "bedehussvingen" - VPS3	m	590	3 750	2 212 500	
8.3	Hovudleidning gjennom B3	m	430	3 750	1 612 500	
8.4	Hovudleidning "bedehussvingen" - kryss VBA	m	360	3 750	1 350 000	
8.5	Hovudleidning kryss VBA - kryss RA	m	250	3 750	937 500	
8.6	Hovudleidning kryss RA - ende mot Tveite	m	450	3 750	1 687 500	
8.7	Myrkdalens Fjellandsby S1 område	m	1 010	3 750	3 787 500	
8.8	Helgatun N3	m	520	3 750	1 950 000	Anlegg innanfor N3
8.9	Mørkveslia F5 byggsteg 1 "VPS3 - pr 1750	m	1 200	3 750	4 500 000	
8.10	Mørkveslia F5 byggsteg 2 til S2	m	1 960	3 750	7 350 000	
8.11	Mørkveslia, anlegg til HB7	m	220	3 500	770 000	
8.12	Mørkveslia F4	m	600	3 750	2 250 000	
8.13	Mørkveslia/Hirtelid F3	m	2 240	3 750	8 400 000	
8.14	Nørkveslia/F3, anlegg til HB6	m	360	3 500	1 260 000	
8.15	Skjervheimslia hovudleidning - VPS8	m	320	3 750	1 200 000	
8.16	Skjervheimslia VPS8 - mot HB8 byggsteg 1	m	550	3 750	2 062 500	Grense byggsteg ved hovudveglinje KDP
8.17	Skjervheimslia VPS8 - mot/til HB8 byggsteg 2	m	1 290	3 750	4 837 500	Grense byggsteg ved hovudveglinje KDP
8.18	Skjervheimslia VPS8 - mot HB9 byggsteg 1	m	400	3 750	1 500 000	Grense byggsteg ved hovudveglinje KDP
8.19	Skjervheimslia VPS8 - mot/til HB9 byggsteg 2	m	1 370	3 750	5 137 500	Grense byggsteg ved hovudveglinje KDP
<b>Sum leidningsanlegg vassfors.</b>					<b>62 555 000</b>	
	<b>Sum vassforsyning</b>				<b>118 745 000</b>	


Tabell på førre side gir oversikt over totalkostnad for vassforsyningasanlegg.

Pos	<b>Vassforsyning</b>	<b>Kostnadsdeling</b>		
		<b>Voss kommune</b>	<b>Voss kommune anleggsbidrag</b>	<b>Privat utbyggar</b>
5	Ny vassforsyning frå grunnvatn			
5.1	Grunnvassanlegg	3 200 000		
5.2	Vassbehandlingsanlegg	11 000 000		
5.3	Leidningsanlegg brønnar-VBA	1 250 000		
5.4	Leidningsanlegg VBA-Tveitoevegen	440 000		
5.5	Tilkomstveg	750 000		
5.6	Styring/kontroll	750 000		
	<b>Sum ny vassforsyning</b>	<b>17 390 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
6	Vasspumpestasjonar			
6.1	Hovudpumpestasjonar	4 800 000		
6.2	Sekundærstasjonar		8 000 000	
	<b>Sum vasspumpestasjonar</b>	<b>4 800 000</b>	<b>8 000 000</b>	<b>0</b>
7	Høgdebasseng			
7.1	HB4		6 000 000	
7.2	HB5		3 000 000	
7.3	HB6		4 000 000	
7.4	HB7		5 000 000	
7.5	HB8		4 000 000	
7.6	HB9		4 000 000	
	<b>Sum høgdebasseng</b>	<b>0</b>	<b>26 000 000</b>	<b>0</b>
8	<b>Leidningsanlegg vassforsyning</b>			
8.1	Hovudleidning Vossestr. hotel - "bedehussvingen"	9 750 000		
8.2	Hovudleidning "bedehussvingen" - VPS3	2 212 500		
8.3	Hovudleidning gjennom B3	1 612 500		
8.4	Hovudleidning "bedehussvingen" - kryss VBA	1 350 000		
8.5	Hovudleidning kryss VBA - kryss RA	937 500		
8.6	Hovudleidning kryss RA - ende mot Tveite	1 687 500		
8.7	Myrdalen Fjellandsby S1 område		3 787 500	
8.8	Helgatun N3			1 950 000
8.9	Mørkveslia F5 byggesteg 1 "VPS3 - pr 1750		4 500 000	
8.10	Mørkveslia F5 byggesteg 2 til S2		7 350 000	
8.11	Mørkveslia, anlegg til HB7		770 000	
8.12	Mørkveslia F4		2 250 000	
8.13	Mørkveslia/Hirtelid F3		8 400 000	
8.14	Nørkveslia/F3, anlegg til HB6		1 260 000	
8.15	Skjervheimslia hovudleidning - VPS8		1 200 000	
8.16	Skjervheimslia VPS8 - mot HB8 byggesteg 1		2 062 500	
8.17	Skjervheimslia VPS8 - mot/til HB8 byggesteg 2		4 837 500	
8.18	Skjervheimslia VPS8 - mot HB9 byggesteg 1		1 500 000	
8.19	Skjervheimslia VPS8 - mot/til HB9 byggesteg 2		5 137 500	
	<b>Sum leidningsanlegg vassfors.</b>	<b>17 550 000</b>	<b>43 055 000</b>	<b>1 950 000</b>
	<b>Sum vassforsyning</b>	<b>39 740 000</b>	<b>77 055 000</b>	<b>1 950 000</b>


Total utbyggingskostnad vassforsyning, splitta

Pos	<b>Vassforsyning</b>	<b>2020 - 2022</b>		
		<b>Voss kommune</b>	<b>Voss kommune anleggsbidrag</b>	<b>Privat utbyggar</b>
5	Ny vassforsyning frå grunnvatn			
5.1	Grunnvassanlegg	3 200 000		
5.2	Vassbehandlingsanlegg	11 000 000		
5.3	Leidningsanlegg brønnar-VBA	1 250 000		
5.4	Leidningsanlegg VBA-Tveitoevegen	440 000		
5.5	Tilkomstveg	750 000		
5.6	Styring/kontroll	750 000		
	<b>Sum ny vassforsyning</b>	<b>17 390 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
6	Vasspumpestasjonar			
6.1	Hovudpumpestasjonar	1 600 000		
6.2	Sekundærstasjonar			
	<b>Sum vasspumpestasjonar</b>	<b>1 600 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
7	Høgdebasseng			
7.1	HB4			
7.2	HB5			
7.3	HB6			
7.4	HB7			
7.5	HB8			
7.6	HB9			
	<b>Sum høgdebasseng</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
8	<b>Leidningsanlegg vassforsyning</b>			
8.1	Hovudleidning Vossestr. hotel - "bedehussvingen"			
8.2	Hovudleidning "bedehussvingen" - VPS3	2 212 500		
8.3	Hovudleidning gjennom B3	1 612 500		
8.4	Hovudleidning "bedehussvingen" - kryss VBA	1 350 000		
8.5	Hovudleidning kryss VBA - kryss RA	937 500		
8.6	Hovudleidning kryss RA - ende mot Tveite			
8.7	Myrkdalen Fjellandsby S1 område		1 893 750	
8.8	Helgatun N3			1 950 000
8.9	Mørkveslia F5 byggesteg 1 "VPS3 - pr 1750		4 500 000	
8.10	Mørkveslia F5 byggesteg 2 til S2			
8.11	Mørkveslia, anlegg til HB7			
8.12	Mørkveslia F4			
8.13	Mørkveslia/Hirtelid F3			
8.14	Nørkveslia/F3, anlegg til HB6			
8.15	Skjervheimslia hovudleidning - VPS8			
8.16	Skjervheimslia VPS8 - mot HB8 byggesteg 1			
8.17	Skjervheimslia VPS8 - mot/til HB8 byggesteg 2			
8.18	Skjervheimslia VPS8 - mot HB9 byggesteg 1			
8.19	Skjervheimslia VPS8 - mot/til HB9 byggesteg 2			
	<b>Sum leidningsanlegg vassfors.</b>	<b>6 112 500</b>	<b>6 393 750</b>	<b>1 950 000</b>
	<b>Sum vassforsyning</b>	<b>25 102 500</b>	<b>6 393 750</b>	<b>1 950 000</b>

Tabell total utbyggingskostnad vassforsyning 2020 - 2022, splitta




Illustrasjon over, ikke i målestokk, viser grovt, innringa med mangenta strek, anlegg på Skjervheimsøyane og Mørkveslia som inngår i fyrste byggesteg, byggeår 2020 til 2022. Jamfør tabell med utbyggingskostnad for perioden. Anlegg markert med raud bakgrunnsfarge skal byggast som kommunale anlegg. Anlegg markert med gul bakgrunnsfarge er hovudanlegg planlagt bygd med utbyggingsavtale for kommunal overtaking. Anlegg markert med lilla bakgrunnsfarge er eksisterande hovudanlegg planlagt overteke av kommunen.



Illustrasjon over, ikke i målestokk, viser grovt, innringa med mangenta strek, anlegg i Myrkdalen Fjellandsby, som inngår i andre byggesteg, byggår 2023 til 2027. Jamfør tabell med utbyggingskostnad for perioden. Anlegg markert med raud bakgrunnsfarge skal byggast som kommunale anlegg. Anlegg markert med gul bakgrunnsfarge er hovedanlegg planlagt bygd med utbyggingsavtale for kommunal overtaking. Anlegg markert med lilla bakgrunnsfarge er eksisterende hovedanlegg planlagt overteke av kommunen.

	<b>Vassforsyning</b>	<b>2023 - 2026</b>		
Pos	<b>Anleggsdel</b>	<b>Voss kommune</b>	<b>Voss kommune anleggsbidrag</b>	<b>Privat utbyggar</b>
5	Ny vassforsyning frå grunnvatn			
5.1	Grunnvassanlegg			
5.2	Vassbehandlingsanlegg			
5.3	Leidningsanlegg brønnar-VBA			
5.4	Leidningsanlegg VBA-Tveitoevegen			
5.5	Tilkomstveg			
5.6	Styring/kontroll			
	<b>Sum ny vassforsyning</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
6	Vasspumpestasjonar			
6.1	Hovudpumpestasjonar	1 600 000		
6.2	Sekundærstasjonar		1 600 000	
	<b>Sum vasspumpestasjonar</b>	<b>1 600 000</b>	<b>1 600 000</b>	<b>0</b>
7	Høgdebasseng			
7.1	HB4			
7.2	HB5		3 000 000	
7.3	HB6			
7.4	HB7			
7.5	HB8			
7.6	HB9			
	<b>Sum høgdebasseng</b>	<b>0</b>	<b>3 000 000</b>	<b>0</b>
8	Leidningsanlegg vassforsyning			
8.1	Hovudleidning Vossestr. hotel - "bedehussvingen"	9 750 000		
8.2	Hovudleidning "bedehussvingen" - VPS3			
8.3	Hovudleidning gjennom B3			
8.4	Hovudleidning "bedehussvingen" - kryss VBA			
8.5	Hovudleidning kryss VBA - kryss RA			
8.6	Hovudleidning kryss RA - ende Tveite			
8.7	Myrkdalen Fjellandsby S1 område		946 875	
8.8	Helgatun N3			
8.9	Mørkveslia F5 byggesteg 1 "VPS3 - pr 1750			
8.10	Mørkveslia F5 byggesteg 2 til S2			
8.11	Mørkveslia, anlegg til HB7			
8.12	Mørkveslia F4			
8.13	Mørkveslia/Hirtelid F3		8 400 000	
8.14	Nørkveslia/F3, anlegg til HB6			
8.15	Skjervheimslia hovudleidning - VPS7			
8.16	Skjervheimslia VPS7 - avgreining mot HB8			
8.17	Skjervheimslia, anlegg til HB8			
8.18	Skjervheimslia VPS7 - avgreining mot HB9			
8.19	Skjervheimslia, anlegg til HB9			
	<b>Sum leidningsanlegg vassfors.</b>	<b>9 750 000</b>	<b>9 346 875</b>	<b>0</b>
	<b>Sum vassforsyning</b>	<b>11 350 000</b>	<b>13 946 875</b>	<b>0</b>


Tabell total utbyggingskostnad vassforsyning 2023 - 2026, splitta




